

## Høyringsuttale – forslag til endringar i Energilova

Det vert vist til høyringsnotat "forslag til endringer i Energiloven" som vart offentleggjort frå OED 15. april 2015.

Tafjord Kraft og Tussa Kraft var tidleg ute i forhold til å sjå behovet for reindyrking av nettverksemda med fokus på nøytralitet og effektiv drift. Nettverksemdene i dei to konserna vart med verknad frå 1.01.2014 samla i nettselskapet Mørenett. Selskapet er eit nøytralt nettselskap utan konserntilknyting med fokus på effektiv drift av monopolverksemda.

### **Generelt.**

OED kjem no med forslag om endringar i Energilova for å innføre eit generelt krav om selskapsmessig og funksjonelt skille for alle vertikalt integrerte verksemder. Samstundes har NVE ute til høyring forslag om konkurranseutsetting av alle kjøp til nettverksemda, OED har gjort vedtak om oppheving av kompetanseforskrifta, moglege endring av kostnadsnorma i inntektsrammereguleringa kan kome frå NVE, OED signaliserer vidare utgreiing av ein koordinerande DSO samt vidare utgreiingar rundt forslag til utvida tilknytingsplikt.

I tillegg står bransjen fram føre store endringar knytt til nye straummålarar, sentral Elhub og innføring av nye retningslinjer for fakturering.

Endringane vil medføre ei brytingstid for kraftnæringa, og det er viktig at alle desse forslaga vert sett i ein samanheng med fokus på samfunnsøkonomisk vinst og forutsigbare rammevilkår i åra framover.

### **Krav om selskapsmessig og funksjonelt skille.**

Mørenett støtter kravet om selskapsmessig og funksjonelt skille. Dette vil være eit sentralt verkemiddel for å sikre auka nøytralitet.

Omgrepet "annen virksomhet" må likevel definerast nærare, og bør ikkje sette for store avgrensingar mot kjøp av tenester det er samfunnsøkonomisk rett å kunne samhandle om mellom eigarselskap og nettselskap. Døme på dette kan være samarbeide rundt typiske fellesstenester som økonomi/rekneskap, arkiveringstenester, støttesystem med meir.

### **Salg/utleige av eigen kapasitet.**

Utleige av eigen kapasitet i ein beredskapssituasjon er naudsynt for å sikre god samhandling rundt kompetanse og utstyr i større feilsituasjonar. Vidare åpner OED for at nettselskapet skal kunne selge eller leige ut mellombels overkapasitet. Dette må sjåast nærare opp mot kravet om ikkje å ha kommersiell verksemd i nettselskapet.

På ein del område er det etter vår vurdering samfunnsøkonomisk rett at nettselskapet avgrensa kan drive relatert verksemd. Særleg tenker vi her på samhandling opp mot ulike fellesføringar som veglys og fiberanlegg. Etter vår vurdering er dette ein naturleg del av eit nettselskap sitt ansvarsområde. I mange samanhengar vil det være samfunnsøkonomisk rett å samhandle om felles infrastruktur og grøfter til nøytrale vilkår, og nettselskapet bør her kunne ha ei koordinerande og tilretteleggande rolle med tanke på å etablere slik infrastruktur. Nettselskapet bør også kunne drifte fellesføringar med integrerte anlegg, særleg gjeld dette

drift av veglys. Store delar av veglysnettet er i dag bygd som ein integrert del av lavspentnettet, på grunn av dette er det i dag til dels uklare grenselinjer mellom kommune og nettselskap om kven som har eigar- og driftsansvar. Det er krav om at lysanlegg som vert fornya eller ombygde blir skilt ut som separate anlegg, men det vil ta mange år før grensesnittet kan framstå som klart definert.

For å sikre synergiar inn mot HMS og effektiv utnytting av ressursar og kompetanse bør nettselskapet framleis kunne utføre tenester inn mot anlegg som er tett integrert med nettselskapet sine anlegg. Vi er samde i at aktiviteten skal avgrensast, og dette kan til dømes gjerast ved at ein har aksept for omsetning inn mot slike definerte områder som ein maks prosentsats av tildelt inntektsramme.

### **Felles driftssentral.**

Samhandling rundt felles driftssentral er etter vår vurdering naudsynt for å sikre tilstrekkeleg forsyningstryggleik i kraftnettet, og vi er samde i forslaget frå OED.

### **Organisering av nettnivå**

Mørenett støtter anbefalinga om å definere eksisterande regionalnett som distribusjon.

### **DSO**

Mørenett er positive til at OED ser behovet for ei meir samordna koordinering og planlegging av nettinvesteringar i større områder. Vi meiner etableringa av såkalla DSO'ar er eit rett tiltak. Denne ordninga bør etter vår vurdering etablerast raskt, med fokus på nøytralitet og uavhengig av dagens KSU struktur. Følgjande moment må være på plass hjå ein framtidig DSO:

- DSO må ha eigen døgnbemanna driftssentral for å ivareta beredskap og nettdrift.
- DSO må være nøytral og organisatorisk ikkje være ein del av eit konsern med konkurransesett verksemد.
- DSO bør ha regional tilknyting med kunnskap om regionen han har ansvaret for.

Med helsing

Mørenett AS

Rune Kiperberg

Adm. dir.